Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10.

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hattfjelldal

Emne: Lynging og mosing

Bygdelag: Røsvatnet

Oppskr. av: Ane Tustervatn

Gard: Tustervatn

(adresse): Hattfjelldal

G.nr. 108 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både eiga og andre sine røynsler

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Kårmann Jakob Kvalbukt f. 17/4-1858. Hattfjelldal.

SVAR

A. 1-9. Det har aldri vore sanka lyng ved Røsvatnet. Lyngen vert halden som dålég fôr.

B. 1-4. I gamal tid hadde ein krötera ute så lenge om hausten det var råd, for at dei skulle sjölv beita seg vetter. Dessutan kunne dei eta björkeris og lyng så ein kunne spara på fôret inne. Om våranne var det „bunöda" at ein slepte dei så tidleg ut at det fanst ikkje anna enn lyng og „dausena" (gamal gras som stod frå året før). Det kunne vel hende at dei rulla snöen vekk for at krötera skulle få beita, når det var nysnö som hadde falle.

Alle krötera ein hadde på garden som sauer, geiter, kyr og hesten laut ut når ein vart fri for höy.

Lyngen var som för nemnd dålég fôr.

II. Mosing

1-12. Då her har vore og er så lite

3263

mose, har det aldri vore mosesanking ved Rösvatnet.

Reinmose var halden for godt for til reinen, men har ikkje vore brukt til husdyra.

Annan mose.

1-2. Det har heller ikkje vore sanka malmose til grisefor og ikkje skjegglav på grantrea.

--

3263
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING